

- Tryggare for ver og vind enn Rosendal

03.04.2010



Gunnar Lyssand: - Her er alt på stell! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Besøket av båt-turistar er atskillig mindre enn i påska i fjor.

Men om atskillige sviktar Uskedalen denne gongen gjør i alle fall ikke familien Lyssand og andre fra Os det og Gunnar Lyssand trur ikke at svikten har noko å gjera med at også Rosendal har fått båthamn.

Lyssand og andre Uskedalen-entusiastar innrømmer at Rosendal-hamna er fin, men dei har ei ålvorleg innvending: Ho er svært utsett for ver og vind.- Eg opplevde det seinast i går, seier ein annan påsketurist som hadde vore innom der for å fylla diesel.

Lyssand meiner for sin del at mindre besøk i Uskedalen klårt skuldast at vinteren har vore stri og at påska kjem tidlegare i år enn i fjor. - Mange har ikkje fått i stand båten enno, påpeikar Lyssand, som har slått seg til ved Sandakaien tett saman med Ketil Halhjem frå Os og Torbjørn Salomonsen frå Askøy.

Ketil er i Uskedalen for første gongen medan Salomonsen har vore her før. Lyssand held fast ved at Uskedalen-hamna er den trivelagste og nemner god mottaking som ein viktig faktor.

- Dette er ein superplass der vi alltid blir positivt mottekte sine folk. Her er stutt sagt alt på stell, seier Lyssand, som slappar av medan resten av selskapet i dei tre båtane er ute og sportar i finveret.

Andre båt-turistar i dei tre hamnene våre denne påska og som uskedalen.no har hatt kontakt med kjem frå Stord, Sveio og Sotra-området.

Av Ola Matti Mathisen